

## Konsekvensvurdering av strategisk dimensjonering og omfordeling av studieplassar mellom fakultet for å auke HVL si samla måloppnåing

Til : Fakulteta, prorektorar og direktørar (punkt 6), hovudtillitsvalde og hovudverneombod (punkt 7), Studenttinget på Vestlandet (punkt 8)

Frå : Rektor

**26. mai 2026, oppdatert 16.juni 2026**

Rektor viser til notat datert 26.mai 2026.

På bakgrunn av styret si drøfting av saka 12.juni 2026 blir fakulteta no bedt om å konsekvensvurdere 3 forslag til endra dimensjonering av studieporteføljen og omfordeling av basismidlar. Dei tre forslaga til konsekvensvurdering har ei omfordeling av :

- 1) 180 studieplassar , om lag 10 mill kr,
- 2) 360 studieplassar , om lag 20 mill kr,
- 3) 540 studieplassar, om lag 30 mill kr.

Utover endra forslag for konsekvensvurdering, er ikkje innhaldet i notatet endra. Noko av teksten har bytta plass for å sikre god samanheng knyt opp mot dei tre forslaga som no ligg til konsekvensvurdering.

## 1. Bakgrunn og tidsplan for saka

Universitet og høgskular har eit stort ansvar for å dimensjonere og nytte utdanningskapasiteten i høve til rekruttering og samfunnet sitt kompetansebehov. Styringssignal frå Kunnskapsdepartementet (KD) og vårt samfunnsmandat gjer det naudsynt å fylle studieplassar betre enn det vi gjer i dag. Tydelege forventingar frå KD kjem fram i ulike samanhengar, sjå særleg i Tildelingsbrevet for 2026 og det supplerande tildelingsbrevet av 2.7.25.

I KD sitt tildelingsbrev for 2026 til HVL står det:

*«Regjeringen legger vekt på at universiteter og høyskoler gjør omdisponeringer innenfor sine rammer, også på tvers av fakulteter/avdelinger, for å styrke oppnåelsen av målene og støtte oppunder de prioriterte kompetansebehovene i utsynsmeldingen, profesjonsmeldingen og langtidsplanen for forskning og høyere utdanning. Det innebærer en forventning om at institusjonene prioriterer helsefag, lærerutdanningene, teknologi, sikkerhet og beredskap og områder som er særlig viktige for det grønne skiftet, og for et høyproduktivt og konkurransedyktig næringsliv.»*

Høgskulestyret har vedteke (sak 30/25-B og 55/25-B) at HVL kvart fjerde år skal vurdere strategisk dimensjonering av studieporteføljen, og medfølgande basisfinansiering. Dette med målsetjing om å auke høgskulen si måloppnåing knytt til heile samfunnsoppdraget. Arbeidet vert med dette notatet sett i gang.

### Tidsplan

Rektor legg fram tre forslag til endra dimensjonering av studieporteføljen med medfølgande omfordeling av basisfinansiering. Forslaga bygger på kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov, utvikling knytt til studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar. I tråd med styresak 55/25-B skal **forlaga bli konsekvensvurdert** opp mot høgskulen sitt samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i .

**Forslaga til endra dimensjonering av studieporteføljen med medfølgande omfordeling av basisfinansiering, blir med dette sendt fakulteta til konsekvensvurdering, til prorektorane og direktørane, til hovudtillitsvalde, hovudverneombod og Studenttinget på Vestlandet for uttale. Svarfristen er sett til 25. august 2026.**

I prosessen fram mot rektor si innstilling til styret og styrehandsaminga, er det avgjerande å få vurderingar av kva positive og negative verknadar dei tre alternative forslaga vil kunne gje for det einskilde fakultet si måloppnåing, for andre fakultet og for den samla måloppnåinga til HVL .

I gjennomføring av konsekvensvurderinga kan det vera særleg behov for administrativ støtte til fakulteta. Direktør for økonomi og arealforvaltning stiller særlege ressursar til disposisjon for fakulteta i klargjeringa av kva konsekvensar ei omfordeling av studieplassar kan få. Dette både for å ta vekk uvisse og for at fakulteta kan få mest mogleg presisjon i analysar og vurderingar.

I forslaga er det lagt til grunn ein innverknad på budsjett og studieportefølje i 2027 og deretter vidareføring på 2027-nivået i åra framover (forslag 1), og for dei to andre forslaga i åra 2027-2030, deretter vidareføring på nivået i 2030 i åra framover. Styret sine vedtekne prinsipp om å vurdere porteføljen årleg (midlertidig finansiering) og kvart fjerde år (basisfinansiering) vil framleis gjelde.

Tidsplanen overfor styret er ei orienteringssak om status i prosessen i juni, prinsipielle drøftingar i september, og ei vedtakssak i oktober. Då kan eit vedtak følgjast opp i novembermøtet der styret skal vedta budsjett for 2027 saman med opptaksrammer og studieportefølje for 2027-2028.

I juni vert styret også orientert om arbeidet som er utført for å utvikle neste års studieportefølje og om foreløpige budsjetttrammer for fakulteta i 2027. Dessutan vil styret i junimøtet få seg førelagt rapport for periodisk evaluering av studieporteføljen. I denne rapporten er framtidig kompetansebehov kartlagt med grunnlag i kjelder på nasjonalt og regionalt nivå. Dessutan tematiserer rapporten demografisk utvikling og særskilt utviklinga i ungdomskulla og dermed dei potensielle søkjarane fram mot 2045.

## **2. Strategiske og prinsipielle spørsmål og nokre presiseringar.**

Med grunnlag i styringssignal frå KD og høgskulens utvikling og samfunnsmandat har styret vedteke at vi skal vurdere endringar i dimensjonering av studieporteføljen, og fordeling av basis, kvart fjerde år. Dette for å auke samla måloppnåing i høve heile samfunnsmandatet. Dei prinsipielle spørsmåla er knytt til vekting av potensielt auka måloppnåing mot mogleg redusert måloppnåing, det vil seia positive og negative konsekvensar av endringane. Det er også eit strategisk og prinsipielt spørsmål å vurdere konsekvensane av å ikkje gjera noko med dimensjoneringa mellom fakultet.

Omfordeling av (finansierte)studieplassar endrar basisfinansieringa til fakulteta. Basisfinansieringa er bidrag til all aktivitet i fakulteta og dekkjer alle delar av samfunnsoppdraget. Basisfinansieringa blir fordelt mellom fakulteta ut frå finansierte studieplassar. Etter fusjonen har fordelinga lege tilnærma fast, berre supplert i enkeltår med nye studieplassar frå KD. Dette medan studiepoengproduksjon og tal studentar har utvikla seg ulikt mellom fakulteta. Dette gir ulike rammevilkår for ulike delar av samfunnsoppdraget. Det er dette ei omfordeling vil korrigere. Samstundes kan vi utvikle porteføljen vidare i samsvar med nasjonale og regionale kompetansebehov. I ei drøfting av dimensjonering vil det også kunne kome prinsipielle spørsmål kring måten rammefordelingsmodellen fungerer på. Dette er det lagt opp til eigen prosess på i 2026-27, og vil ikkje bli tatt opp i denne saka.

Slik forslaga er utforma vil alle studieplassar som vert omfordelte, automatisk koma i bruk ved andre fakultet. Men dette er primært for å få til konkrete konsekvensvurderingar som høgskulen kan arbeida vidare med. Tala som er nytta og fordelinga av studieplassar, er ikkje bindande for den vidare utviklinga av saka fram mot styrebehandling. Det er viktig å presisera dette særleg av to grunnar.

Den eine grunnen er at slik forslaga er utforma, kan det skapast både positive og negative forventingar i høgskulen om ein for enkel automatikk i den vidare oppfølginga og fordelinga av studieplassar mellom fakultet.

Den andre grunnen er at HVL er inne i ei tid der vi ikkje berre treng sterke fakultet, men også å styrke det strategiske handlingsrommet for institusjonen og samarbeidet på tvers av fakulteta. Ei endeleg omfordeling av studieplassar må også sjåast inn i ein slik samanheng.

### 3. Konsekvensvurdering av tre forslag til strategisk dimensjonering av studieporteføljen og medfølgande omfordeling

Alle fakulteta dekkjer kompetanseområde som det er etterspurnad etter nasjonalt og regionalt. Bakgrunnen for forslaga som no skal konsekvensvurderast er knytt til stor nedgang i rekruttering/søking av studentar innan det samla studietilbodet ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) dei siste åra. Frå 2021 til 2025 er studenttalet (heiltidsekvivalentar) på FLKI redusert med nesten 900 (frå 4 700 til 3 800). Studiepoengproduksjonen er redusert med nesten 700 60-studiepoengeiningar. Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) har hatt auke i rekruttering/søking av studentar. Ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS) er den samla rekrutteringa god, men med forholdsvis låg gjennomstrøyming.

Studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar har utvikla seg ulikt i fakulteta og i 2025 var den 72% i FLKI, 83% på FTMS og 104% på FHS. Dette gir eit samla snitt ved HVL på 85%. Dette viser at fakulteta har ulik studieaktivitet i høve finansierte plassar. Finansierte studie plassar, som er grunnlag for basisfinansieringa til fakulteta, er ikkje endra i perioden utover nye plassar frå Kunnskapsdepartementet.

Spesielt FHS har potensiale for vekst med bakgrunn i både rekruttering av studentar og dokumenterte kompetansebehov regionalt og nasjonalt.

Talmaterialet forslaga byggjer på vart presentert i høgskulens plan- og budsjettkonferanse 5. mai og i [presentasjon til styremøtet](#) 12.juni 2026. Her er oversikt over studiepoengproduksjonen i høve finansierte studie plassar og heiltidsstudentar(ekvivalentar) i høve dei finansierte studie plassane. Desse forholdstala har utvikla seg ulikt i fakulteta dei siste åra, og FLKI har hatt stor nedgang :

## Tal for 2025

Fakultet	Finansierte studie plassar (budsjetteffekt)	Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-studiepoengeiningar)	Registrerte studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	Studiepoengproduksjon i høve finansierte studie plassar	Studentar (heiltidsekvivalentar) i høve finansierte studie plassar
FHS	3 721	3 888	4 469	104%	120%
FLKI	4 636	3 323	3 788	72%	82%
FTMS	4 538	3 766	5 414	83%	119%
<b>HVL samla</b>	<b>12 895</b>	<b>10 977</b>	<b>13 672</b>	<b>85%</b>	<b>106%</b>

Dei finansierte studie plassane er grunnlaget for basisfinansieringa og viktig for handlingsrommet til fakulteta.

- Korleis fordeler dei finansierte studie plassane seg om dei tre fakulteta skal ha ei meir lik grunnfinansiering (den delen som ligg fast uavhengig av aktivitet i rammefordelingsmodellen)?  
Samla har HVL ein studiepoengproduksjon på 85% i høve finansierte studie plassar. Om alle tre fakulteta skulle hatt 85% studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar, måtte FHS hatt 820 fleire studie plassar enn situasjonen i dag, FLKI måtte redusert med 720 og FTMS måtte redusert med 100.
- Endrar dette bilete seg når ein tek omsyn til studenttal og rekruttering?  
Studentar (heiltidsekvivalentar) i høve finansierte plassar og utvikling i rekruttering viser at FLKI også har lågt studenttal (heiltidsekvivalentar), medan dette er motsett for FTMS og FHS.

Kompetansebehov (jfr periodisk evaluering av studieporteføljen, rapport til styret 12.juni 2026) og rekrutteringssituasjonen er også lagt til grunn.

Forslaga bygger dermed på **datagrunnlag og vurderingar kring samfunnets kompetansebehov, studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar** (jfr styresak 55/25). Forslaga tek utgangspunkt i at ein omdimensjonerer porteføljen og omfordeler basis til fakulteta meir i samsvar med slik utdanningsaktiviteten har utvikla seg dei siste åra.

Forslaga som blir lagt fram er ikkje konsekvensvurdert. Det er dette fakulteta blir inviterte til å gjere, samtidig som andre einingar får saka til uttale. Slik får rektor eit betre samla grunnlag for å leggja fram sak for styret.

I tillegg til å vurdere konsekvensane av eit nullalternativ, har dei tre forslaga følgande omfang :

- 1) 180 studieplassar, om lag 10 mill kr
- 2) 360 studieplassar, om lag 20 mill kr
- 3) 540 studieplassar, om lag 30 mill kr.

I høve til notat sendt 26.mai, er no det mest omfattande forslaget tatt ut, og forslag 2 er noko endra – omfanget er likt, men det er anna fordeling.

### **Nullalternativ**

Utanom forslaga til omfordeling, er det også eit ynskje frå styret om å få vurderingar av eit nullalternativ. Det betyr at alle tre fakulteta også blir bedt om å vurdera konsekvensane av å ikkje gjera noko med dimensjoneringa mellom fakulteta.

## **Forslag 1**

Forslag 1, som skal konsekvensvurderast, er slik :

FLKI : reduksjon på 180 studieplassar

FTMS : uendra

FHS : 180 studieplassar inn i basisramma. Dette er i 2026 finansiert med strategiske midlar.

Dette er stipulert til omfordeling på kring 10 millionar kr – omfordelt i 2027.

Forslag til strategisk dimensjonering av studieportefølje :

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> Endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i studieplassar frå 2027</b>
FHS	+180	-	-	-	<b>+180</b>
FLKI	- 180	-	-	-	<b>-180</b>
FTMS	0	-	-	-	<b>0</b>

Dette er samla tal studieplassar for alle kull, det vil seia også dei studieplassane som gjeld 2.-5. studieår.

Med utgangspunkt i kr 55 000 i snitt pr studieplass (kan bli justert), er endring i basisfinansiering slik i 2027:

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> Endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i basisfinansiering frå 2027</b>
FHS	+ 10 mill. kr	-	-	-	<b>+10 mill kr</b>
FLKI	- 10 mill. kr	-	-	-	<b>-10 mill kr</b>
FTMS		-	-	-	<b>0</b>

## Forslag 2

Forslag 2, som skal konsekvensvurderast, er slik :

FLKI ein reduksjon på 360 studieplassar

FTMS uendra tal studieplassar

FHS ei auke på 360 studieplassar (180 studieplassar er finansiert med strategiske midlar i 2026)

Dette er stipulert til omfordeling på kring 20 mill kr – innfasa over 4 år.

Forslag til innfasing av strategisk dimensjonering av studieportefølje – stipulert endring i studieplassar :

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> Endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i studieplassar frå 2030</b>
FHS	+180	+60	+ 60	+ 60	<b>+ 360</b>
FLKI	- 180	- 60	- 60	- 60	<b>- 360</b>
FTMS	0	0	0	0	<b>0</b>

Dette er samla tal studieplassar for alle kull.

Forslag til innfasing i millionar kr, beløp er med utgangspunkt i kr 55 000 i snitt pr studieplass(kan bli justert). Dette viser endring i basisfinansiering, som aukar pr år til eit nytt samla nivå i 2030 :

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i basisfinansiering frå 2030</b>
FHS	+ 10 mill. kr	+ 3,3 mill. kr	+ 3,3 mill. kr	+ 3,3 mill. kr	<b>+ 20 mill. kr</b>
FLKI	- 10 mill. kr	- 3,3 mill. kr	- 3,3 mill. kr	-3,3 mill. kr	<b>-20 mill. kr</b>
FTMS	0	0	0	0	<b>0</b>

### Forslag 3

Forslag 3, som skal konsekvensvurderast, er slik :

FLKI ein reduksjon på 540 studieplassar

FTMS ei auke på 120 studieplassar

FHS ei auke på 420 studieplassar (180 studieplassar er finansiert med strategiske midlar i 2026)

Dette er stipulert til omfordeling på kring 20 mill kr – innfasa over 4 år.

Forslag til innfasing av strategisk dimensjonering av studieportefølje – stipulert endring i studieplassar :

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> Endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i studieplassar frå 2030</b>
FHS	+180	+80	+ 80	+ 80	<b>+ 420</b>
FLKI	- 180	- 120	- 120	- 120	<b>- 540</b>
FTMS	0	+40	+40	+40	<b>+120</b>

Dette er samla tal studieplassar for alle kull.

Forslag til innfasing i millionar kr, beløp er med utgangspunkt i kr 55 000 i snitt pr studieplass(kan bli justert). Dette viser endring i basisfinansiering, som aukar pr år til eit nytt samla nivå i 2030 :

<b>Fakultet</b>	<b>2027</b> endring	<b>2028</b> Ytterlegare endring	<b>2029</b> Ytterlegare endring	<b>2030</b> Ytterlegare endring	<b>Samla endring i basisfinansiering frå 2030</b>
FHS	+ 10 mill. kr	+ 4,4 mill. kr	+ 4,4 mill. kr	+ 4,4 mill. kr	<b>+ 23,5 mill. kr</b>
FLKI	- 10 mill. kr	- 6,6 mill. kr	- 6,6 mill. kr	-6,6 mill. kr	<b>-30 mill. kr</b>
FTMS	0	+2,2 mill.kr	+2,2 mill kr	+2,2 mill kr	<b>+ 6,5 mill kr</b>

#### **4. Til fakulteta: Kva er dei positive og negative verknadane knytt til dei ulike forslaga til omdimensjonering/omfordeling**

For å sikre mest mogleg tenlege konsekvensvurderingar er det nokre føresetnadar som må bli tatt omsyn til i dei konkrete vurderingane:

- Mål, verdiar og overordna ambisjon i strategien ligg fast. Vi skal vidareutvikle eit universitet med tre sterke fakultet, fem levande campus, som er kjenneteikna av framtidsretta profesjonsutdanningar og ei god forskingsverksemd.
- Alle fakulteta må vurdere konsekvensar både for eige fakultet, for HVL samla sett (heile samfunnsoppdraget) og dei fem campusane våre.
- Interne omprioriteringar i fakulteta som kan bidra til å auke positive konsekvensar og redusere negative konsekvensar
- Avsetningar må vurderast som tiltak for å redusere negative konsekvensar/gir moglegheit til å bruke lengre tid på tilpassing til nye rammer.

Vurderingar pr forslag til omdimensjonering/omfordeling :

1 a) Beskriv moglege **negative** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt til utdanning, og ei dimensjonering av porteføljen i tråd med samfunnets kompetansebehov og studentane sin etterspørsel. Korleis kan det påverke dei 5 campusane (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje)**

Tiltak og negative verknader i eige fakultet:	
---	--

Tiltak for å redusere <b>negative</b> verknadar:	
--	--

1 b) Beskriv moglege **positive** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt til utdanning, og ei dimensjonering av porteføljen i tråd med samfunnets kompetansebehov og studentane sin etterspørsel. Korleis kan det påverke dei 5 campusane (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje)**

Tiltak og positive verknader i eige fakultet:	
Tiltak som kan forsterke <b>positive</b> verknadar:	

2 a) Beskriv moglege **negative** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt til forskning inkludert kunnskapsberedskap. Korleis kan det påverke dei 5 campusane (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje skal alle fakultet bidra)**

Tiltak og negative verknader i eige fakultet:	
Tiltak for å redusere <b>negative</b> verknadar:	

2 b) Beskriv moglege **positive** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt til forskning inkludert kunnskapsberedskap. Korleis kan det påverke dei 5 campusane (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje)**

Tiltak og positive verknader i eige fakultet:	
Tiltak som kan forsterke <b>positive</b> verknadar:	

3 a) Beskriv moglege **negative** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt innovasjon/samskaping, levande campus (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje ) og vår regionale rolle.**

Tiltak og negative verknader i eige fakultet:	
Tiltak for å redusere <b>negative</b> verknadar:	

3 b) Beskriv moglege **positive** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) for **måloppnåing knytt innovasjon/samskaping, levande campus (jf. dei fem prinsippa for utvikling av studieportefølje ) og vår regionale rolle.**

Tiltak og positive verknader i eige fakultet:	
Tiltak som kan forsterke <b>positive</b> verknadar:	

4 a) Beskriv moglege **negative** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) **for studentane sitt læringsmiljø og tilsette sitt fag-/ og arbeidsmiljø**

Tiltak og negative verknadar i eige fakultet:	
Tiltak for å redusere <b>negative</b> verknadar:	

4 b) Beskriv moglege **positive** verknadar (inkludert kor varige dei er og kven som blir råka) **for studentane sitt læringsmiljø og tilsette sitt fag-/ og arbeidsmiljø**

Tiltak og positive verknadar i eige fakultet:	
Tiltak som kan forsterke <b>positive</b> verknadar:	

## 5 Andre tilhøve

Beskriv tilpassingar eller endringar som kan **forbetre eller gjere gjennomføringa av omfordeling av basis/studieplassar enklare eller meir målretta.**

Sjølve tiltaket om at høgskulen kvart fjerde år skal vurdere å omfordele basisfinansiering er vedteke av styret. Men det kan vere tilpassingar eller endringar knytt til det konkrete forslaget til omfordeling, til dømes knytt til innfasing, opptrapping, omfang, teknisk/fagleg/administrativ støtte mv , som er ein del av den samla vurderinga.

Gi fakulteta sine vurderingar kring kva ei omdimensjonering/omfordeling kan bety for **HVL si samla måloppnåing.**

Tilpassingar eller endringar i <b>fakultetet</b>	
Tilpassingar eller endringar i <b>HVL.</b>	
Kva konsekvensar kan omdimensjonering bety for HVL si samla måloppnåing	

**5. Til fakulteta : Samandrag av konsekvensvurderingane (pkt 4 og pkt 5 over) - tiltaka og konsekvensane, inkl. tiltaka som kan forsterke positive konsekvensar og tiltaka som kan redusere negative konsekvensar.**

#### **6. Innspel frå prorektorar og direktørar – og eventuelt fakulteta**

Med bakgrunn i samfunnsmandatet og måloppnåing, gje ei kort overordna vurdering knytt til forslaga til omfordeling til strategisk dimensjonering av studieporteføljen med tilhøyrande basisfinansiering.

Legg spesielt vekt på vurderingar knytt til den einskilde leiar sitt ansvarsområde.

Maks 1 side

#### **7. Innspel frå hovudtillitsvalde og hovudverneombod**

Med bakgrunn i samfunnsmandatet og måloppnåing, blir de invitert til å gje ei kort overordna vurdering knytt til forslaga til strategisk dimensjonering av studieporteføljen med tilhøyrande basisfinansiering.

Det blir sett på korleis denne saka kjem inn i IDF-møtene som er avtala før sommaren/over sommaren.

Konkrete omstillingar som følgje av omprioriteringar vil etter forslaga gå over noko tid.

Maks 1 side

## **8. Innspel frå Studenttinget på Vestlandet**

Med bakgrunn i samfunnsmandatet og måloppnåing, blir de invitert til å gje ei kort overordna vurdering knytt til forslaga til strategisk dimensjonering av studieporteføljen med tilhøyrande basisfinansiering.

Maks 1 side